

## Halvårsplan haust -2000

Arrangement	Dato	Måned	Ansvarleg
Basar	22.	oktober	
Øvingshelg	10. 11. og	12. november	
Sogn og Fj. Meisterskapen	18.	november	
Julegranopning	3.	desember	
Julekonsert	17.	desember	
Juletreff	27.	desember	
Årsfest	29.	desember	

### Vredens Gnag satser på data

Så er Vredens Gnag blitt heildigitalisert. Det skjedde då Ivar Torskangerpoll fekk datamaskin i hus. Ivar fekk eit komplett dataanlegg av ein av slagverkarane i korpset. Sjølv om maskin var gått ut på dato for Jan Magne, så kunne VG bruke den. Ivar har oppgradert maskina, installert internett, og skriv no så det plystrar. Sjølv om det er mykje som Ivar er usikker på, så tykkjer han dette er spennande.

### Vredens Gnag beklagar

På grunn av stort arbeidspress med stormfestival, har det vore problem med å få produsert Vredens Gnag. No er situasjonen for redaksjonen i ferd med å normalisere seg, og vi reknar med at avisa kjem ut som den skal.

### Få med deg Vredens Gnag

Støtt Torskangerpoll Musikklag med 100 kroner for eit år. Då får du blant anna denne avisa, Vredens Gnag, i posten eit heilt år.

Våre  
støtte-  
spelarar:



### Tipp og vinn

Kva dato har Torskangerpoll Musikklag sin årlege basar?

Vredens Gnag

Send  
svaret til:

Vågsvåg

### Rett svar sist

Kva år vart Måløybrua bygd?

Rett svar:

**1974**

Ingen visste svaret denne  
gongen.

Torskangerpoll Musikklag 80-år

# Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 8

7. årgang

Laussal: Gratis

Oktober 2000

## Stormande suksess



Dei 400 besøkande på årets stormfestival brydde seg ikkje om at det regna og bles. Alle storkosa seg, og skrytte uhemma av alle som var med å skape dette til ei fargerik og minnerik helg. Torskangerpoll Musikklag vil takke alle som hjalp til.

## Musikkbasar 22. oktober

Tips Vredens Gnag TLF: 57 85 44 64 Fax 57 85 0872

E-mail: «erlingw@sf.telia.no»

Heimeside: <http://home.telia.no/t.poll/>

# Basar

Søndag 22. oktober

klokka 17.00

**blir det musikkbasar**

i Våge /Oppedal skule

**Vinn handletur til Bergen for to, pluss ei mengde andre flotte gevinstar.**


Kafeteria, åresal, aftentrekning, lykkehjul, pilkast, over/under sju, tippekonkurransse.

Masse flotte premiar.

Musikklubben sin flotte duk m.m.

Alle Velkomne

**Torskangerpoll Musikklag underheld.**



## Nok ein vellukka stormfestival

Stormfestival 2000 vart ein stor suksess. Vind og regn la ikkje noko dempar på stemninga. Tvert imot. Det sette ein spiss på det heile. Tilbakemeldingane vi har fått frå dei 19 korpsa som deltok er overstrøymande positive. Dette kan alle som var med å hjelpte til dele æra for. Alle vil tilbake og håpar det ikkje går mange år før det blir festival igjen. Her har vi nokre glimt frå helga. Bilda talar for seg.

